

# Rom for dialog og dialogiske rom for elevmedverknad

*Skaftun, Sønneland og Berge, 2023.*

*Lesesenteret, UiS / språkløyper.no*



*Illustrasjon: Matilda Wiklund*

Det er stor forskjell på norske klasserom, men i det store bildet er det ikkje til å kome bort frå at det er lite rom for dialog der elevane bidreg substansielt. Dette bildet er heller ikkje noko norsk særtilfelle, men snarare ein del av eit enda større bilde av at tradisjonell praksis er svært motstandsdyktig mot reformar og ambisjonar om endring. Tradisjonell praksis kviler på ei tru på at kunnskapen fins bevart i fagtradisjonar, og at skulen si oppgåve er å formidle (eller tradere) denne kunnskapen til stadig nye elevar.

Sjølve formidlinga er i mindre grad problematisert; det handlar om læraren si formidlingsevne, kan vi seie, og om elevane si læringsevne. Forsøka på fornying har vore mange, men dei har nokre viktige fellestrekk. Det viktigaste, kanskje, er innsikta i at læring i større grad er ein langsam prosess der elevane sjølv må få anledning til å bearbeide fagstoffet språkleg. Dette er tankar som mange vil kjenne igjen, og mange vil også vere heilt einige i dei. Å omsette dei til klasseromspraksis er imidlertid langt meir krevjande, noko som viser igjen i forskinga. Ein amerikansk forskar, Ned Flanders, formulerte i 1967 det han kalla tre reglar om to tredjedelar i klasserommet: to tredjedelar av tida er heilclassesamtale; læraren snakkar i to tredjedelar av tida i heilclassesamtale; og to tredjedelar av denne tida er rein formidling av fagleg innhald. Desse reglane er framleis relevante beskrivingar av mange klasserom, kor elevane i liten grad brukar stemma og språket sitt aktivt til å tenke seg inn i faget.

Om vi tek på alvor at læring er ein tolkingsprosess, så verkar det meiningsfylt å utvide rommet for dialogisk deltaking. I tillegg til å styrke vilkåra for læring, er det ein måte å aktivere eleven på, og å styrke moglegheita for elevmedverking i det som skjer på skulen. Det er imidlertid ikkje berre til å stige ned frå talarstolen og sei til klassen at ordet er fritt, og det er heller ikkje tale om å fordrive forelesninga som form frå skulen, men snarare om å utvide det typisk litt tronge rommet for dialog, steg for steg. Å etablere klasserommet som ein stad der elevane har noko å sei og har lyst til å sei noko, er ei stor og samansett oppgåve. Ikkje minst handlar det om tillit til at vi oppriktig ønsker å høyre og forstå kva dei har å sei til dei spørsmåla vi løfter fram. Problemorientert undervisning er eit mål i seg sjølv, men det er og eit middel nettopp til å engasjere elevane i faglege samtaler.

Ein måte å lage rom for dialog på, er å sette av tid til spesifikke former for dialogiske rom, altså aktivitetar kor samtalen eit stykke på veg er eit mål i seg sjølv. Gruppearbeid er inga ny organiseringsform i norsk samanheng, ei heller par- og gruppesamtalar. Ikkje desto mindre er dette aktivitetar som bør rammast inn på ein måte som gjer elevane reell innverknad på læringsdiskursen, altså ikkje som stramt regissert oppgåveløysingsaktivitet. Då kan arbeidsmåten få ein renessanse. I elevstyrte gruppesamtaler er terskelen for å snakke lågare for mange elevar, og i løpet av ein gruppesamtale på 5-10 minutt vil kvar av elevane få sagt meir enn dei får anledning til å sei i løpet av ei heil veke med ordinær undervisning som vekslar mellom heilklasse og individuelt arbeid.

Det er mykje å hente ved å gje oss sjølv moglegheita til å erfare kva som skal til for å opne det dialogiske handlingsrommet, før vi flyttar arbeidet ut i klasserommet. Det kan vi gjere ved å sette oss saman som kollegaer der vi lesar ein litterær tekst, og utforskar han saman. Det er viktig at instruksen er så open som dette; “utforsk teksten saman” eller “kva handlar teksten om?”. Det har nemleg ei sentral hensikt – det er ein viktig stad å begynne for å legge til rette for tilsvarande utforskande samtaler i elevgrupper. Nå er det mykje forskning og erfaring som viser at både elevar og lærarar i stor grad reagerer veldig positivt på denne arbeidsmåten; dei sett pris på anledninga til å diskutere fritt i møte med tekstar, og samtalanane blir typisk prega av høgt engasjement og kreativitet og fagleg substans.